



Byggmester Steinar Thunold  
Solsmittet 2  
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/412 - 14/1733

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.laedre@meland.kommune.no

Dato:  
11.02.2014

## Godkjenning - dispensasjon frå rekkefølgekrav, gnr. 22, bnr. 221 Mjåtveitmarka

**Administrativt vedtak. Saknr: 13/2014**

### Saksutgreiing:

Meland kommune har i brev frå Byggmester Steinar Thunold AS, dagsett 27.01.2014, motteke søknad om dispensasjon frå rekkjefølgjekrav knytt til reguleringsplan for Mjåtveitmarka for eigedomen gnr. 22, bnr. 221. Søknaden er grunngeven med at utbyggingsselskapet Walde, som sto for utbygginga i Mjåtveitmarka, no er konkurs. I reguleringsplanen for Mjåtveitmarka må rekkjefølgjekrava vara oppfylt før det kan gjevast mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf reguleringsføresegnene § 1.2.2.

### Vurdering:

Same type søknad har vore fremja, handsama og godkjent tidlegare under gjennomføringa av dette planområdet. Søknaden gjeld utsetting og ikkje fritak frå ferdigstilling av leikeområde, nemnd som F5 i plandokumentata.

Meland kommune har i skriv frå Waldegruppen, dagsett 03.10.2013, fått eit oversyn over arbeid som står att. Etter konkursen i Walde har dette arbeidet stoppa opp. Kommunen såg på det tidspunkt at den grove opparbeidinga nærma seg slutten. Nærmiljøanlegget F5 ligg om lag 300 meter frå bustaden på gnr. 22, bnr. 221 og administrasjonen vurderer at det i denne saka kan gjevast mellombels bruksløyve før område F5 er fullt ut opparbeida.

## Vedtak

«Meland kommune viser til søknad, dagsett 27.01.2014, om dispensasjon frå krav om rekkjefølgje i reguleringsplan for Mjåtveitmarka, for eigedomen gnr. 22, bnr. 221. Søknaden vert godkjent på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels.
2. Det vert ikkje gjeve ferdigattest før nærmiljøanlegg F5 er ferdig opparbeidd.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 19-3.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i med hald av delegert mynde «

*Vedtaket kan påklagast etter forvaltingslova § 28, jf vedlagte skjema.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

### Kopi til:

Kristine og Cato Geitanger

**Mottakere:**

Byggmester Steinar Thunold

Solsmittet 2

5136

MJØLKERÅEN